

# STREIF

Samfunnsfag for videregående

## 3 Eg og mitt



# Den personlege økonomien din

- Personleg økonomi: disponering av egne pengar, det vil seie korleis vi skaffar oss inntekter og korleis vi prioriterer utgifter.
- Pengane du disponerer, kan brukast til forbruk, sparing eller investering.

# Sparing

- Banksparing er den vanligaste spareforma. Da får du også renteinntekter av summen som står på bankkonto.

# Sparing

- Bankar og andre finansinstitusjonar tilbyr fleire former for sparing, med ulik grad av risiko.
- Det er mogleg å oppnå ei høgare rente enn vanleg bankrente, men samtidig risikerer du å tape ein del av pengane dine.

# Lån og kredittkort

- Dersom du skal gjere ei investering, er det vanleg å finansiere delar av investeringa med lån.
- Vanlegvis kan du låne pengar frå ein bank eller annan finansieringsinstitusjon.

# Lån og kredittkort

- Bankane vil ha avkastning på pengane dei låner ut, og du må derfor betale renter og gebyr, i tillegg til at du må betale ned på lånet.

# Lån og kredittkort

- Lån som er bundne til forbruk, kallar vi forbrukslån.
- Kredittkort kan du bruke til å betale for varer og tenester. Det er også ei form for forbrukslån.

# Inkasso

- Om du ikkje klarer å betale rekningane dine til avtalt tid, kjem du til å få purringar og til slutt eit varsel om inkasso.



# Betalingsmerknader

- Om du etter fleire varsel framleis ikkje har gjort opp for deg, kan du få ein betalingsmerknad og bli registrert som dårleg betalar.

# Budsjett

- Budsjett er ein plan for korleis framtidige inntekter og utgifter vil fordele seg over ein periode.
- Når du utarbeider eit budsjett, må du samtidig tenkje gjennom korleis du vil prioritere.

# Budsjett

- *Faste utgifter:*
  - Dei faste utgiftene betaler du som regel til faste tider i året, og du veit på førehand kor store dei er.
  - På kort sikt er det vanskeleg å endre slike utgifter.

# Budsjett

- *Variable utgifter:*
  - Dei variable utgiftene er meir fleksible på kort sikt.
  - Det er ikkje like lett å vite på førehand kor store dei blir, men dei er samtidig lettare å styre.

# Rekneskap

- Rekneskap: ei oversikt over faktiske inntekter og utgifter i ein bestemt periode.
- Det kan vere nyttig å få ei oversikt over økonomien i hushaldet dersom ein står framfor avgjerder eller overgangar i livet.

# Rekneskap

- Å føre ein rekneskap: systematisere inntektene og utgiftene på same måten som du systematiserte budsjettet.

# Rekneskap

- Vedlegg: dokumentasjon på det du har ført i rekneskapen.
- *Resultatet* for ein rekneskapsperiode viser om du har gått med overskot eller underskot.

# Rekneskap

- Budsjettkontroll: samanlikning og utrekning av avvik mellom budsjett og rekneskap.



# Forbrukarlovane

- Som forbrukar har du ein del lovfesta rettar og plikter ved kjøp og sal av varer:
  - *Kjøpslova* regulerer mellom anna kjøp mellom to privatpersonar utan mellommann.

# Forbrukarlovane

- *Forbrukarkjøpslova* gjeld når privatpersonar kjøper noko frå ein næringsdrivande.
- *Angrerettlova* gjeld når du kjøper varer over Internett, over telefon, på postordre, på gata eller på messer og utstillingar.

# Forbrukarlovane

- Ein *reklamasjon* er ein klage på ei vare.
- *Forbrukarrådet* er ein interesse- og serviceorganisasjon som kan hjelpe folk i klagesaker.

# Produsentåtferd og forbrukarmakt

- Utvalet i butikkane der du handlar, er ikkje tilfeldig.
- Dei som prøver å selje deg noko, har gjerne brukt stor innsats og mange pengar på at nettopp du skal kjøpe produkta deira.

# Produsentåtferd og forbrukarmakt

- Jamvel om produsentar og butikkar prøver å påverke, er det forbrukaren som i siste omgang har makta.
- Ein produsent treng tillit hos forbrukarane for å vere økonomisk levedyktig.

# Har du ansvar som forbrukar?

- Somme produsentar bryt lover eller normer for kva som er etisk og rettferdig.
- Forbrukaren kan da «straffe» desse produsentane ved å la vere å kjøpe varene deira.

# Har du ansvar som forbrukar?

- Dersom mange systematisk og koordinert vel bort ei vare eller ein produsent, er det snakk om boikott.
- Slik kan store, internasjonale selskap bli nøydde til å endre seg.

# Har du ansvar som forbrukar?

- Somme organisasjonar, for eksempel Fairtrade, garanterer at varer som ber merket deira, skal vere produserte etisk.
- Etisk produsert: framstillingsmåten bryt ikkje med menneskerettane eller skader miljøet, og prisen arbeidarane får, står i høve til produksjons- og levekostnader.



# Har du ansvar som forbrukar?

- I Noreg aukar forbruket av nesten alle varer. Somme miljøorganisasjonar hevdar at mykje av forbruket ikkje er miljøvennleg.